

## Reguleringsføresegner til reguleringsplan for Bergumfeltet:

### A. Fellesføresegner

§1 Disse reguleringsføresegnene gjeld for det området som er avgrensa med reguleringsgrense på plankartet.

§2 Området er regulert til desse formåla:

Byggeområde for bustader	
Landbruksområde	L
Trafikkområde	
Friområde	F

§3 Når særlege grunnar talar for det kan bygningsrådet innafor ramma av bygningslova gjere unntak frå desse føresegnene.

§4 Etter at planen er stadfesta er det ikkje tillatt ved privatrettslege avtalar å etablere tilhøve som er i strid med reguleringsplanen med føresegner.

§5 Alle inngrep i terrenget skal utførast mest mogleg skånsomt. Dette gjeld inngrep i samband med framføring av vegar, vatn- og avløpsnett, el- og telenett og bygging av hus.

### B. Byggeområde for bustader

§6

a) I området skal det førast opp bustadhus med tilhøyrande anlegg. Utnyttingsgrad er 0.2 i heile anlegget.

b) Nye tomter er vist med byggesoner og framlegg til husplassering.

§7

a) Ved handsaming av byggemelding skal bygningsrådet sjå etter at det vert nytta hustypar som gjev god tilpassing til tomta og god samanheng mellom bustad og uterom.

b) Bygningane skal ha ei takhelling på min. 22°.

c) Garasje/uthus skal førast opp på eiga tomt. I tillegg skal det på eiga tomt vere ein biloppstillingsplass ekstra. Innafor rammene av bygningslovgjevinga kan garasje førast opp i nabogrense.

d) Garasje skal utformast i arkitektonisk samanheng med bygningane elles.

§8 For kvar byggemelding skal det leggjast ved situasjonsplan over tomta. Denne planen skal vise husplassering påført utvendig hovudmål, etasjetal og gesimshøgde, avstand til nabogrense og næraste bygningar, adkomst, bodar, garasje og biloppstillingsplass. Planen skal vise korleis hovuddisponeringa av utearealet med terrengopparbeiding, vegetasjon, skjerming mot nabo, leidningsføring etc. er tenkt løyst. Det bør takast vare på eksisterande vegetasjon. Situasjonsplanen skal godkjennast av bygningsrådet.

### C. Friområde

§9

- a) I området kan det oppførast konstruksjonar som har naturleg tilknytning til bruken av området som friområde, t.d. leikeutstyr, bord og benkar.
- b) Bygningsrådet skal sjå etter at leikeplassar og gangvegar vert tilrettelagt og opparbeidd i takt med utbygginga av bustadane.

Godkjent 05.02.87.